

Junckers årstale, situasjonen i Ungarn og avrøysting om opphavsrett i Europaparlamentet

12. september 2018

- *Juncker tok i sin siste årstale i denne mandatperioden til orde for eit omfattande økonomisk partnerskap med Afrika, styrka ytre og indre sikkerheit og meir bruk av kvalifisert fleirtall på utanriksområdet.*
- *I debatten var det semje om behovet for styrka grensekontroll, men mange etterlyste semje om framtidig migrasjonspolitik.*
- *Sentrumsgruppene støtta i stor grad Juncker, men venstresida etterlyste sterkare tiltak for å kjempe mot arbeidsløyse, betre situasjonen for barn og betre sosialt sikkerhetsnett i EU.*
- *Den konservative gruppa (ECR) og ytre høgre-gruppene var kritiske til framlegg dei meiner ytterlegare vil flytte makt frå medlemslanda til EU.*
- *Europaparlamentet vedtok ein rapport som seier Ungarn bryt grunnleggjande verdiar og ber Rådet vurdere situasjonen.*
- *Sentrum høgre-gruppa (EPP) var delt i avrøystinga om Ungarn, men gruppeleiar Manfred Weber som ynskjer å bli EPPs toppkandidat for valet i 2019, støtta kritikken av landet.*
- *Den greske statsministeren viste til ei positiv utvikling i Hellas, men lova vidare strukturreformer framover.*

Kommisjonspresident Junckers tale om tilstanden i EU og ein debatt med den ungarske statsministeren om situasjonen i Ungarn har vore to sentrale saker i Europaparlamentet denne veka. I tillegg drøfta Parlamentet EUs framtid med den greske statsministeren og vedtok eit revidert forhandlingsmandat for revisjon av [regelverket for opphavsrett](#). Parlamentet har også drøfta [tilhøvet til USA](#) og [kinesiske investeringar i europeisk infrastruktur](#).

Kommisjonspresidentens årlege tale om tilstanden i EU

Kommisjonspresident Jean-Claude Juncker var innom både smått og stort i sin siste [tale om tilstanden i EU i dag](#). Juncker sa han ville fokusere på Kommisjonens prioriteringar for resten av mandatperioden. EU er garantist for fred i Europa og eit samla EU kan gjere ein skilnad på mange område. Det er viktig å demonstre dette fram mot valet i 2019. Dette gjeld både i høve til å sikre egne interesser t.d. på handelsområdet, men også som ein pådrivar på miljøområdet. EU har hatt ei positiv utvikling dei siste åra, men jamvel om finanskrisa er over er det stadig problem t.d. knytt til den høge arbeidsløysa blant unge.

Juncker la vekt på at EU må sikre sikkerheita til innbyggjarane. Det er derfor viktig å vidareføre arbeidet med forsvarsfondet og PESCO og styrke tiltaka mot terror og kvitvasking. EUs yttergrenser må tryggast og han tok til orde for 10000 nye stillingar i EU felles grense- og kystvakt og for å styrke EUs asylbyrå. Det er viktig å leggje til rette for lovlege migrasjonsruter til Europa og generelt å finne kompromiss på migrasjonsområdet. EU kan ikkje basere seg på ad hoc-løysingar kvar gong det kjem eit skip med flyktingar sa han.

Utviklinga i Afrika er viktig for EU. Juncker tok til orde for å etablere eit strategisk partnerskap med Afrika gjennom eit frihandelsområde. Det er viktig å leggje til rette for investeringar, forskingssamarbeid og jobbskaping.

Juncker nemnde også fjerning av ordninga med sommartid og forbodet mot visse eingongsprodukt av plastikk som døme på konkrete saker der EU raskt bør kunne samlast om vedtak. Dette er spørsmål som mange innbyggjarar er opptekne av. Han viste også til at mange arbeidstakarar og små verksemder som er uroa over utviklinga. Det er viktig at EU gjennomfører dei tiltaka det var semje om på det sosiale toppmøtet i Göteborg i 2017. Globale nettselskap bør betale skatt der inntektene blir skapt.

EU-landa står samla i brexit-forhandlingane. Utgangspunktet er respekt for resultatet av folkeavrøystinga i Storbritannia, men også at eit land som melder seg ut ikkje kan ha den same posisjonen som eit medlemsland. Storbritannia vil forlate den indre marknaden og kan ikkje behalde tilknytninga til delar av den. EU vil bidra til å sikre freden i Nord-Irland og vilkåra i Langfredagsavtalen. Det er ikkje EU, men brexit som trugar med å skape nye grenser på den irske øya. Juncker var samstundes tydeleg i at EU ynskjer eit tett og sterkt partnerskap med Storbritannia framover, ikkje minst på sikkerheitsområdet.

Juncker tok til orde for å utvikle rolla til euroen som ein global valuta. Når europeiske land kjøper energi eller handlar med kvarandre er det merkeleg at oppgjeret ofte skjer i dollar. Ein styrka internasjonal rolle til euroen er likevel avhengig av at den økonomiske og monetære unionen blir styrka fyrst.

Det er viktig å styrke EUs utanrikspolitikk og evna til å snakke med ein stemme. Juncker viste til at eit medlemsland nyleg blokkererte for kritikk av menneskerettssituasjonen i Kina. Rådet bør derfor gjennomføre den opninga som finnest i Lisboa-traktaten til å ta i bruk kvalifisert fleirtal på ein del område. Også på visse skatteområde bør kvalifisert vedtak kunne brukast i større grad sa han.

Det er viktig å oppnå semje om sentrale saker før valet i mai neste år. Dette gjeld ikkje minst langtidsbudsjettet. Både medlemslanda i Rådet og Europaparlamentet må her ta ansvar.

Han var opptatt av å sikre tiltak for å hindre at tredjeland eller kommersielle krefter kan manipulere valet i 2019. EU må vere ein garantist for demokrati og for fri presse. Kommisjonen vil stå i mot alle brot på rettsstatsprinsipp og meiner artikkel 7-prosedyren i traktaten må brukast der det dette er tilfelle (sjå omtale av debatten om Ungarn nedanfor). Det grunnleggjande viktig at medlemslanda respekterer dommane frå EU-domstolen.

Reaksjonane frå dei politiske gruppeleiarane følgde kjende mønster. Sentrum høgre (EPP), sentrum-venstre (S&D), den liberale gruppa (ALDE), dei grøne og ytre venstre gruppa (GUE/NGL) var i hovudsak positive. Den konservative gruppa (ECR) og i enda større grad dei to ytre høgre gruppene (EFDD og ENF) var kritiske til biletet som vart teikna og framlegga til veggen framover for EU-samarbeidet.

EPP understreka at Junckers leiarskap hadde vore avgjerande for at EU skulle kome seg ut av finanskrisa. Jamvel om mange har kritisert Kommisjonen, er det ingen som har kome opp med eit reelt alternativ til at stabile budsjett og eit ambisiøst reformprogram er som oppskrift på å løyse finanskrisa. EPP tok orde for å utvide Schengen til Bulgaria, Kroatia og Romania og sa dette vil styrke sikkerheita i Europa. Det er viktig at EU tek eit sosialt ansvar gjennom å bidra mellom anna til utjamning og rettferdig skattlegging. EPP støtte auka bruk av kvalifisert fleirtal på utanriksområdet. Det er viktig å løyse migrasjonsutfordringa for å sikre tillit hjå innbyggjarane.

S&D ga ros til Juncker og viste til at ikkje minst på migrasjonsområdet får Juncker meir støtte frå venstresida enn høgresida i Europa. Det er ein skandale at Rådet ikkje har klart å samlast om tiltak som kan hindre dei mange dødsfalla i Middelhavet og bidra til ein solidarisk migrasjonspolitik. Samstundes etterlyste gruppa kraftigare tiltak for eit meir sosialt Europa. Dette gjeld tiltak mot tiltak for å betre levekåra i dei austlege medlemslanda, tiltak mot ungdomsarbeidsløyse i dei sørlege medlemslanda og generelle tiltak som sikrar barn tilbod om helsetenester, utdanning og bustad.

ECR ynskte tiltak for å styrke yttergrensene velkoment, men spurte kvifor dette ikkje hadde kome tidlegare og kvifor Kommisjonen ikkje hadde prøvd å stanse Merkel da ho opna grensene i 2015. I staden har EU sløst vekk tid på å snakke om obligatoriske migrasjonskvoter. EU har aldri vore så lite sameint som nå og tiltaka som Kommisjonen nå snakkar om – inkludert auka bruk av kvalifisert fleirtal – vil gjere vondt verre sidan mange land ikkje har appetitt for meir integrasjon. Skilja mellom aust og vest og mellom nord og sør vil auke dersom Kommisjonen går vidare med dette. Korkje Kommisjonen eller dei andre aktørane i Brussel tek ikkje folks uro på alvor gjennom den retorikken dei brukar.

ALDE var spesielt nøgd med Afrika-planen til Kommisjonen. Gruppa etterlyste meir konkrete tiltak for å sikre trygge val i 2019 og tok til orde for bruk av vedtak ved kvalifisert fleirtal på alle delar av utanrikspolitikken.

Den grøne gruppa viste til at i ein situasjon med store utfordringar er det nasjonalistar som spreier frykt og rasisme som er den største utfordringa mellom anna fordi dei gjer EU til syndebukk for alt som er gale. Gruppa etterlyste kraftigare tiltak for å takle klimautfordringane og ein meir aktiv sosialpolitikk som kan sikre eit sosialt sikkerheitsnett for alle. Det er også viktig å slå ring om rettsstatsprinsipp, demokrati og grunnleggjande rettar i EU. GUE/NGL var også samd i behovet for eit meir sosialt Europa og for å sikre at veksten kjem alle til gode.

EFDD var overraska over at Kommisjonen ikkje hadde kommentert den nye italienske regjeringa og dei politiske endringane den har kravd. I staden tek Kommisjonen til orde for meir sentralisering på alle område og ser bort i frå at folk har ein nasjonal identitet. Problema på den irske grensa etter brexit vil kunne løysast gjennom at EU og Storbritannia inngår ein frihandelsavtale som er litt meir ambisiøs enn avtalen mellom Canada og EU.

Også ENF meinte Kommisjonen ser bort frå kva utvikling innbyggjarane i EU ynskjer seg. Det er udemokratisk om det blir lagt opp til å vedta budsjettet før valet. EU bør tilby Storbritannia like god marknadstilgang som Noreg og Sveits har.

I ein kort kommentar sa Juncker at både barns levekår og sosiale rettar generelt er noko Kommisjonen er opptatt av og vil følgje opp i samsvar med fråsegna frå Göteborg-toppmøtet. Kommisjonen vil også kome med konkrete framlegg for å sikre frie og uavhengige val i 2019.

Det austerriske formannskapet kommenterte også kort debatten. Mellom anna ga landet støtte til å styrke Frontex og sa framlegget om å avskaffe sommartid vil bli tatt opp i Rådet snart. Det viste elles til sine prioriteringar for EU-formannskapet og behovet for å sikre vedtak i dei framlegga som nå ligg på bordet.

Kommentar

Samla var tala i dag relativt traust – kanskje fordi Juncker i uvanleg stor grad heldt seg til manus. Det kom ingen store overraskingar, men planane for [partnerskapet med Afrika](#) blir vurdert som meir omfattande enn det som tidlegare har vore varsla. Juncker mål om å styrke euroen er også delvis nytt, men vart ikkje kommentert av andre i debatten i dag. Det står også att å sjå kor stor appetitt medlemslanda vil ha for auka bruk av vedtak ved [kvalifisert fleirtal på utanriksområdet](#). Som enkelte peikte på i debatten i dag: Det er ikkje sikkert slike framlegg er det som er mest egna til å auke den generelle oppslutninga om EU blant innbyggjarane. Fjerning av [sommartida](#) blir oppfatta som ein viktig symbolsak som er viktigare i så måte. Likevel er kanskje konkrete framlegg knytt til ytre og indre [sikkerheit](#) og tiltak mot terror og [kvitvasking](#) vel så viktig for EUs innbyggjarar. Styrka satsing på asylbyrået og fleire grensevakter til trass: Avstanden mellom EUs medlemsland på [migrasjonsområdet](#) er uansett stor.

Situasjonen i Ungarn

Europaparlamentet hadde tysdag ein debatt om situasjonen i Ungarn der også den ungarske statsministeren deltok. Det var stor spenning om debatten ikkje minst til utfallet av avrøystinga av rapporten som tok til orde for å be om at Rådet granskar om Ungarn bryt grunnleggjande verdiar i EU (den såkalla artikkel 7-prosedyren). Det var på førehand lite tvil om at eit fleirtall av medlemmane av Europaparlamentet vil støtte utkastet til rapport. Med ei sentrum-høgre gruppe (EPP) som var delt, var det likevel spenning knytt til om rapporten ville oppnå det nødvendige fleirtalet. For denne prosedyren er det nemleg krav om at støtte frå meir enn 50 prosent av alle MEP (376 av i alt 751 MEP) og samstundes frå minst to tredelar av dei som faktisk deltok i avrøystinga. I avrøystinga i dag støtta 448 rapporten, 197 røysta mot og 48 stemte blankt og rapporten fekk dermed tilstrekkeleg fleirtal. Les også [pressemeldinga frå Europaparlamentet](#).

I den lange debatten tysdag viste saksordførar Judith Sargentini (Dei grøne, Nederland) til at land som melder seg inn i EU godtek EU-traktaten og dermed er forplikta til å følgje visse verdiar. I Ungarn har utviklinga på mange område gått i feil retning. Dette omfattar korrupsjon, redusert mediefridom, innskrenking i kva frivillige organisasjonar kan gjere og korleis dei kan finansierast, innskrenking i kor uavhengige domstolane er og innskrenking i rettane til minoritetar. Samla trugar dette grunnleggjande verdiar og EU bør nå gjennomføre tiltak. Også saksordførarar i andre komitear som har gjeve innspel til rapporten teikna eit liknande bilete. Budsjettkontrollkomiteen viste til korrupsjon, interessekonfliktar og misbruk av offentlege middel. Kultur- og utdanningskomiteen var uroa for ytringsfridomen og den akademiske fridomen, konstitusjonskomiteen viste til ein rapport frå Venezia-kommisjonen og likestillingskomiteen viste til forverra vilkår for kvinner.

Medan det austerriske formannskapet generelt sa det er opptatt av rettsstatsprinsipp og ville lytte til debatten, ga Kommisjonen ved visepresident Timmermans klar støtte til å sette i verk den såkalla artikkel 7-prosedyren. Timmermans viste til at Ungarn har ei rekkje traktatbrotssaker og saker for domstolen og at det samla er stor grunn til uro over utviklinga i landet.

Den ungarske statsministeren Viktor Orbán innleia med å seie at han var klar over at dei fleste i salen alt hadde bestemt seg. Han sa Europaparlamentet med sin rapport fordømmer ikkje berre ei regjering, men eit folk og ein nasjon. Dette er ein nasjon som i 1000 år har

forsvart dei kristne verdiane i Europa og som har spilt blod for å stå opp mot Sovjetunionen. Ungarn har beskytta EUs yttergrenser under migrasjonskrisa. Rapporten audmjukar Ungarn og er prega av dobbeltmoral, maktmisbruk og metodisk og faktiske feil. Han viste til at Ungarn har sendt inn eit dokument på 109 sider med korreksjonar til rapporten. Den ungarske regjeringa er vald med eit stort fleirtal, og EU kan ikkje instruere Ungarn om korleis landet skal organiserast og styrast.

I debatten etterpå var sentrum venstre (S&D), dei liberale (ALDE), dei grøne og ytre venstre (GUE/NGL) samstemte i kritikken av Ungarn og samde i behovet for å sette i verk artikkel 7-prosedyren. Den konservative gruppa (ECR) og dei to ytre høgre parti (EFDD og ENF) støtta Orbán. Det var berre polske medlemmer av ECR som hadde ordet – ingen britiske konservative deltok i debatten.

Spenninga i debatten i går og i avrøystinga i dag var knytt til korleis EPP ville stille seg sidan Orbáns parti Fidesz er med i EPP. I debatten i går kom EPPs gruppeleiar, tyske Manfred Weber, ut med klar støtte til å sette i verk artikkel 7-prosedyren. Det same gjorde EPP-medlemmar frå Austerrike, Irland, Luxembourg, Malta og Sverige. Fleire EPP-medlemmar frå Ungarn hadde ordet og kom med sterk støtte til Orbán. Dette inkluderte eit ungarsk EPP-medlem med rombakgrunn som tok kraftig til motmæle mot påstandar om diskriminering av romfolk i Ungarn. Også eit italiensk EPP-medlem varsla støtte til Ungarn. Fleire meinte det var hyklerisk at er Ungarn som blir granska – det er minst like store problem med korrupsjon eller pressefridom i andre land som Bulgaria, Malta, Romania og Slovakia.

Både Kommisjonen og andre MEP som hadde ordet viste til at situasjonen i andre land også blir granske og drøfta og at det ikkje er slik at rapporten er eit åtak korkje på det ungarske folket eller nasjonen.

Etter debatten møtte Orbán pressa tysdag ettermiddag. Han gjentok på pressekonferansen at dette var ein absurd sak og at EU prøver å valse over folkeviljen i Ungarn. Han fekk mellom anna spørsmål om han ville melde seg ut av EPP. Orbán svarte at det var Helmut Kohl som inviterte Fidesz inn i EPP: Orbán vil kjempe for å få EPP ut av den krisa gruppa er og sikre at den blir ei kraft for styrka grenser og mot migrasjon. Han fekk også spørsmål om tilhøvet til italienske Matteo Salvini som han møtte tidlegare i år. Orbán viste til at migrasjonsspørsmålet er større en partipolitikken og at det er naturleg å møte han. Han sa også at da Ungarn meldte seg inn i EU i 2004 var det ikkje snakk om nokon felles migrasjonspolitik og det er urimeleg å innføre dette nå etterpå.

Etter vedtaket i Europaparlamentet i dag er det nå opp til medlemslanda i Rådet å vurdere situasjonen. Med fire femdels fleirtal kan Rådet slå fast at det er ein risiko for brot på grunnleggjande verdiar i landet. I siste instans kan Det europeiske råd vedta sanksjoner, t.d. ved å ta frå Ungarn stemmeretten i Rådet, men dette krev eit samrøystes vedtak frå alle dei andre medlemslanda. Sjå også denne [figuren frå Europaparlamentet](#) om artikkel 7 i EU-traktaten.

Kommentar

Utviklinga i Ungarn har lengje uroa mange, men det har vore ulike syn på korleis EU bør handtere situasjonen. EPP har lengje vore forsiktige med å kritisere partikolleagaene i Fidesz offentleg, men dette har ført til eit forklaringsproblem både overfor veljarar i ein del nasjonale parti som er med i EPP og overfor andre parti. Gruppeleiar for EPP, Manfred

Weber, varsla førre veke at han ynskjer å bli toppkandidat for EPP ved valet i 2019 og at han dermed er kandidat til å bli ny Kommissjonspresident. Han ville fått ein tung start på sitt kandidatur om det vart sådd tvil om han forsvarte rettsstatsprinsippa i denne saken. Samstundes var mange i EPP i tvil om korleis situasjonen burde handterast. For det fyrste meiner ein del rapporten som vart vedteke i dag er blandar saman partipolitikk og objektive brot på EUs verdiar. For det andre er EPP redd for at Orbán skal melde seg ut av EPP og finne saman med regjeringspartia i til dømes Polen og Italia. Det vil både svekke EPP og flytte tyngdepunktet i eit nytt Europaparlament mot høgre. Mange såg derfor fordelinga av EPP sine røyster i dag som ein indikasjon på korleis landskapet i EU kan sjå ut etter valet i mai 2019.

Den greske statsministeren drøfta EUs framtid

I rekka av europeiske stats- og regjeringssjefar som har vore invitert til å kome til Europaparlamentet for å snakka om Europas framtid, var turen denne veka kome til den greske statsministeren, Alexis Tsipras. Hans hovudbodskap var at Hellas nå er over krisa og at vekst og sysselsetting nå har ei positiv utvikling. Han var også opptatt av å understreke at hans regjering har klart å kombinere strukturreformer med å sikre eit sosialt nettverk for dei svakaste i samfunnet. Korrupsjon, skattesvik og ineffektivitet i administrasjonen har vorte vesentleg mindre dei siste åra. Han lova at landet vil halde fram med strukturreformer framover. Han var også stolt over initiativ som er teke for å sikre rettane til minoritetar i landet og sa Hellas har ei viktig rolle i samarbeidet med landa i Midt-Austen og på Vest-Balkan. Semja med Nord-Makedonia om namnet på landet er eit døme på dette. Han tok til orde for at dei kreftene som ynskjer ei europeisk tilnærming og europeiske løysingar må stå saman. Det er viktig at EU kan løyse neste krise på ein demokratisk måte og ikkje bak lukka dører av teknokratar sa han.

Både Kommissjonen og dei største politiske gruppene sa seg glade for at Hellas nå er ute av kriseprogrammet og at pilene peiker i riktig retning i landet. Mange uttrykt medkjensle på grunn av dei mange som hadde omkomme i skogbrannar i sommar og var glade for at landet hadde løyst namnestriden med Makedonia. Kommissjonen var opptatt av at Hellas og dei europeiske samarbeidspartane deler æra for å ha funne løysingar på den økonomiske krisa. Innleiarar frå mellom anna den sosialdemokratiske gruppa (S&D) og ytre venstre-gruppa (GUE/NGL) var opptatt av at europeisk sparepolitikk hadde gjort vondt verre. S&Ds gruppeleiar nytta elles høve til å invitere Tsipras inn i S&D. EPPs hovudinnlegg var prega av den tradisjonelle høgre-venstre konflikten og åtvåra mellom anna mot venstre-populisme. EPP meinte også Tsipras teikna eit for rosenraut bilete av situasjonen i landet og effekten av eigen politisk innsats.

Den liberale gruppa (ALDE) viste til at EU og Hellas måtte dele skuld for at Hellas hadde vorte hengjande fast i krisa så lengje. Hellas hadde ikkje tidleg nok gjennomført nødvendige reformer og EU hadde fokusert meir på budsjettal enn på reformkrav. ALDE åtvåra mot at EU ikkje er klar for ei ny krise fordi korkje nødvendige institusjonar og eller styringssystem for eurosone er på plass. Samstundes er det heller ikkje gjennomført nok nødvendige reformer i Hellas eller resten av EU mellom anna knytt til marknadsreformer eller avregulering av profesjonar.

Dei grøne/ALE-gruppa viste til at EU må sikre ein sosialpolitikk som sikrar lik tilgang til helsetenester, sikrar minstelønn og redusert ungdomsarbeidsløyse, europeisk solidaritet for å løyse migrasjonskrisa ein klimapolitikk som kan bidra til å redusere klimaendringane.

Dei to ytre høgregruppene (EFDD og ENF) var kritiske til dei andre hovudinnlegga. EFDD var kritisk til Tsipras historieforteljing og meinte Hellas stadig har store problem. Det er viktig å sende troikaen (IMF, den europeiske sentralbanken og Europakommisjonen) heim og ta kontroll med eige land sa ECR. ENF sa alliansen mellom Italia og Visegrad-landa er lovande fordi den vil motverke EUs destruktive politikk knytt til migrasjon, innsparing og manglande terrorhandtering.

Kommentar

Debatten tysdag var meir prega av ulike historiesyn enn så mange konkrete framlegg til løysingar framover. Den greske statsministeren sto fram som lang meir statsmannsaktig og trygg enn førre gong han møtte til debatt i Europaparlamentet i 2015. Det har skjedd mykje i EU, i Hellas og med Tsipras sidan 2015. Tsipras anno 2018 lova vidare strukturreformer i Hellas og hadde ein nokså ulik retorikk frå den han hadde i 2015.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no